

Høgre om for norsk utdanning

– om Giske-reforma i høgare utdanning

St. meld. nr. 27
Gjør din plikt –
Krev din rett – i
korte trekk:

- Ny gradsstruktur med bachelorgrad (tidl. cand. mag.) på tre år, mastergrad tidl. hovudfag) på fem år. Redusert studietid i båe gradane, hovudfag med eit heilt år.
- Stipenddelen aukar til 39 % under føresetnad av at studiet vert gjennomført til normert tid.
- Studiekontrakt mellom studenten og lærestaden.
- Ny karakterskala i tråd med ECTS/EU-strukturen.
- Vitskaplege høgskular skal kunna verta universitet, og alle høgskular som tildeler doktorgrad, skal kunna søkja om å få universitetsnamn.
- Universitet og høgskular skal verta forvaltingsorgan med særskilde fullmakter.
- Talet på eksterne representantar i styret aukar frå to til fire, og dei teknisk tilsette misser ein representant.
- Dekanar og instituttstyrarar skal tilsetjast på åremål.
- Universiteta og høgskulane skal få ein tredelt finansieringsmodell: Basisløyving, studiefinansiering og forskingsfinansiering.
- Alle studentar som ynskjer det, skal få tilbod om studieopphald i utlandet som del av ein norsk universitetsgrad.



NKS

Noregs kommunistiske studentforbund – www.uio.no/kjellar/

www.aks.no (2024)

■ **Fyrst Mjøs, deretter Giske**

I ly av retorikk om kvalitetsreform og satsing på studentar har DNA, sidan tidleg mellomkrigstid trufast vore tenar for storborgarskapet i vårt land, fått gjennomslag i Stortinget for eit strukturrasjonalisert, EU-tilpassa og fleksiblisert universitet. Akademia har aldri vore ein oase friteken frå dei kapitalistiske jarnlovene, men i dag opplever vi at monopolkapitalens styring grip meir openlyst og umaskert inn. Dit Mjøs-utvalet ynskte seg med sjumilssteg, diltar Giske etter, gradvis og snikande. For å vinna oppslutnad har det vore nautsynt for departementet å driva omfattande ideologisk tåkelegging. Her har den venstresosialdemokratiske Trond Giske vore i sitt ess. For bak oppheta kiving om universitetsnamnet og jubelbruset frå studentanes broileranstalt (Norsk studentunion) har Giske nytta tida godt og smidd mens jarnet var varmt. Få andre kunne ha lukkast med det same. Frå fartstida i AUF og EU-kampen har han gjort seg kjend som ein karismatisk ungdomspolitikar ikkje utan populistiske trekk, og det har difor vorte vanskeleg å reisa storm mot dei radikale frasane han har lira frå seg. Vi har òg sett at under dei siste års DNA-styre har studentane heller ikkje makta å mobilisera stort bak krav om billigare studentbustader, betra studentøkonomi og større offentlege løyvingar til universitet og høgskular. Det statsfinansierte studentbyråkratiet er lamma, og våpengnyet frå Mjøs-framlegget tok av for den verste støyten. Etter at folk hadde gjeve utlaup for harmen sin over Mjøs, kunne Giske løsa reformpakka si trygt i hamn utan serskilde protestar.

■ **Bløffen om kunnskapssamfunnet**

Giske-meldinga byggjer på ei grunnfalsk førestelling av at vi no har forlate den gamle kapitalismen med vareproduksjon og finanskapitalens åk og kome inn ein ny fase med kunnskapssamfunn. Dette er diverre ei svært utbreidd oppfatning no til dags, men sann vert ho ikkje av den grunn. Ein sentral ideolog for tanken om kunnskapssamfunn er den amerikanske nasjonaløkonomen Robert Reich. Han meiner «symbolanalytikarane», høgt kvalifiserte arbeidarar og føretaksfolk kringom i verda, er dei leiande i den globale utviklinga. Dei skal visstnok ha overskride motsetnaden mellom arbeid og kapital, folk som strir for fridom og frigjering og den undertrykkjande imperialismen. Men røyndomen er annleis: Indiske programmerarar har utvikla stor kompetanse på sitt felt, men fordi dei manglar patentrettar og kapital er dei hjelpelause i konkurranse med amerikanske og europeiske monopol. Automatisering og rutinegjere mål gjer tidlegare intellektuelt åndsarbeid meir og meir industrialisert og fabrikkaktig. Småborgarlege kontor- og funksjonærsljikt nærmar seg såleis arbeidarklassa. Mange som har teke akademisk utdanning i 80- og 90-åra har hamna i lågtlønnte yrke som dei er overkvalifiserte for. Økonomar og styresmakter i fleire EU-land klagar no over utgiftene med å driva høgskular og universitet. «Livslang læring», det nye mantraet som European Roundtable har sendt ut, skal avløysa det tradisjonelle studielauget. Men som Mikael Nyberg peikar på i boka «Kapitalet.se» (2001), tyder livslang læring tilfeldige tilsetjingar og tilbakevendande arbeidsløyse. Kunnskapssamfunnet er ein idyllisk myte som kamouflerer deklasseringa av akademisk arbeidskraft.

■ **Mot monopolkapitalens offensiv**

Noregs Kommunistiske Studentforbund (NKS) fordømer Giske-meldinga «Gjør din plikt - krev din rett!» og ser ho som eit svært reaksjonært utslag av monopolkapitalens offensiv. Finansfyrstane ekspanderer no overalt, innanlands og utanlands, og kjenner ingen grenser lenger for kva det kan mjølkast profitt utav. Utdaning og forskning skal no gjerast

til salsvare og omsetjast på den «frie» indre marknaden, der dei tverrnasjonale monopolkonserna skaltar og valtar. Inspirasjonen til Giske-reforma kjem utvilsamt frå European Roundtables tenkjetankar i Brüssel; no skal ny mark leggjast under kapitalens plog.

■ Fri flyt av akademikarar

Internasjonaliseringa, dekknamnet for amerikanisering og EU-ifering, har sett tydeleg preg på KUF-meldinga. Samkøring av gradsstrukturen, studielengd og karakterskala er motivert av ønsket om at norsk høgkvalifisert arbeidskraft skal flyta fritt og då helst ut av landet til betre lønte jobbar på kontinentet. I botnen for reforma ligg tilpassing til ECTS-systemet (European Credit Transfer System), utvikla gjennom EUs Erasmus- og Sokratesprogram. At Noreg som eit lite, råvare- og energibasert land langt nord i ein relativt folkerik verdsdel kan koma til å lida for ei tilrettelegging av hjerneflukt, vert sjølvstendig ikkje nemnt ope, men det kan fort verta ein konsekvens av Giske-reforma. Det er vel ingen som set fram sterke innvendingar mot å utveksla fagfolk over landegrensene, men dersom systemet framelskar fri flyt av akademisk arbeidskraft, kan det i framtida by på større problem å byggja opp norsk ekspertise på ei rad felt utanom dei sektorane der norske næringar står sterkt (petroleum, vasskraft og fisk). Dei fleste andre europeiske land kan tilby langt høgare løn til akademikarar enn Noreg. Ei anna sak er at kampen for full sysselsetjing for akademikarar kan undergravast ved at arbeidsmarknaden er internasjonal. Norske styresmakter vil då ikkje kjenna seg forplikta til å halda oppe like mange stillingar som før. Dersom studentar og akademikarane frå Noreg legg mykje av utdanninga og forskinga si utanlands, er det òg vanskeleg å sjå korleis dei gjennom gjerninga si kan tena folk flest. Når engelsk fagspråk i tillegg grip om seg til og med ved eigne universitet og høgskular, aukar framandgjeringa og avstanden mellom folket og akademikarane. Med å dyrka eit idyllisk, konfliktfritt bilete av internasjonaliseringa viser Giske og KUF at dei ikkje tek problema som følgjer i kjølvatnet av den grensesprengjande reforma deira, på alvor.

■ Attende til gymnas-stadiet

Mappe-evaluering er truleg det enkeltframlegget som har vorte helsa mest velkomen av studentrepresentantane, men det spørst sjølvstendig kor representative dei er. Eksamensordninga av i dag er inga heilag ku som skal leva til evig tid, men ho har vore eit uttrykk for dei frie studiane, ansvar for eiga læring og prøving av kunnskap når studieåret er slutt. Med løpande evaluering av studentane gjennom deleksamaner, oppgåveinnlevering og samling av eigne artiklar i mappa verkar det som om pedagogikken frå gymnasen skal overførast til universiteta. Det vil då verta mindre tid til annan studentaktivitet (anten det no er tale om idrett, kultur eller politikk), intensivering av studiet mot slutten av semesteret i forkant av eksamen vil verta vanskelegare og den sjølvstendige prøvinga av heile pensumkartet vil få mindre vekt. Avstikkarar frå kjernepensum vil knapt få ein oppsving etter dette i og med at oppgåver og artiklar skal skrivast til mappa til fastsette tider. Den underliggjande tanken, som aldri vert direkte ordlagd, er at studentane skal levera det marknaden og kapitalen etterspør. KUF-meldinga inneheld mykje syting over at gjennomstrøyminga av studentar er låg, at studentane produserer for få vektal og at studietida er for lang. Brutaliseringa av arbeidslivet gjer at fleire og fleire 50- og 60-åringar må ta ut trygd eller pensjonera seg tidlegare, og kapitalen er no på jakt etter ung, frisk og lett utbytbar arbeidskraft som kan trø til der eldre fell ifrå. Då kan ikkje studietida vera for lang. Det er fare for at fagkritikk

og fordjuping i emne som ligg utanfor den slagne landeveg, får ringe kår når kvar student skal fylgja ein standardisert timeplan med prøver, oppgåver og deleksamenar. Framlegget smakar av formynderi og kontroll og syner at den relative fridomen studentane har note godt av til å leggja opp studietida sjølv, til å gjera avbrot og gå krokvegar, står for fall. Det er grunn til å ottast at den nye modellen vil krevja større økonomiske ressursar enn eksamen i dag (som visstnok skal vera altfor dyr), og at reforma difor vil verta ei brekkstong for å redusera talet på studentar som kan ta ulike studium.

■ Større og større opning for næringslivet

Giske har ikkje våga gå så langt som Mjøs ville, med tanke på styringsstrukturen til universiteta. Likevel er det klårt at universitetet får større indre sjølvstyre som forvaltingsorgan med særskilde fullmakter. Slik vil løyvingane frå det offentlege kunna skjerast ned, og då må institusjonane sjølve syta for si eiga finansiering i ein viss mon. I framtida lyt also studentar og forskarar gjera seg til lags med næringslivet, slik at dei kan få verdifulle kontraktar og levera åndsverk som kan stimulera sal eller produksjon av varer. Denne røyndomen opplever alt i dag fleire og fleire institutt: Folk som er fagleg skolerte forskarar, utan økonomi i fagkrinsen, er nøydde til å avsetja mykje arbeidstid med å søkja om midlar til prosjekt – var det nokon som tala om effektiv utnytting av ressursane? Korleis går det med den faglege integriteten når hovudfagsoppgåver og avhandlingar meir og meir vert skrivne som tingingsverk for næringsselskap? Dei statlege tilskota skal knytast opp til vektalsproduksjon og avlagde eksamenar. I røynda er dette ei knipetong frå staten for å spela tilsette og studentar ut mot kvarandre. Vi treng ikkje meir tidsøydande krangling mellom desse gruppene når det vi verkeleg har bruk for, er eit trygt økonomisk fundament å forska og læra på. Det er staten, som instrument for monopolkapitalen, som er syndebuggen som skytset må rettast mot og ikkje undervisningsvegrande førelesarar og late studentar.

At dei tilsette misser ein representant i styret, er òg karakteristisk for modellen: Dei som har skoen på og veit kvar han klemmer, skal ribbast for innverknad, medan utanforståande kapitalistar skal fastsetja korleis ting skal løysast.

Alle progressive krefter ved universitetet bør no sameina seg i kampen mot Giske-reforma, som i alle viktige hovudtrekk vart strøydd sand på og velsigna av Stortinget i juni i 2001.

Ja, eg vil gå på studiering i marxisme []

Eg vil ha meir informasjon om NKS []

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr/-stad: _____

Tlf: _____

E-post: _____

Slippen sendast til NKS, Pb 21, 0616 OSLO, eller som e-post til ksanks@online.no